

LIASETE

Høgdemeter over havet: ca.550 m

Lengde: ca 2,3 km

Stigning: 271

Tid: 30 minutt til ein time alt etter kvar veg ein går

Gradering: Middels tur.

Vegskildring:

Køyr mot Havås og ta av til Medås og Ystås. Parker ved lomme i vegen ved klyngetunet på Ystås og følg traktorvegen heilt opp til Liasete. Du går på Liasetevegen heilt fram til stølen. Denne turen tek om lag ein time og er ca. 5 km. Lukk att grindene du går forbi. Vegen er bratt, men fin å gå og det er lett å gå vidare til Steinsete herifrå. Om du går frå Liasete og vidare til Steinsete kan du gå tilbake via Steinsetehorga og Høgde.

Turkassa heng på det gamle, store selet. Det er skilt her og pilskilt vidare til Steinsete, eller tilbake til Skålsete om du kom den vegen.

Alternativ: Du køyrer til Havås og vidare på Krokavassvegen i ca. 2 km. På venstre sida av vegen rett før Skålsete-krysset kan du parkere bilen. Her står det skilta til Liasete og Steinsete, Denne stien var ny førre gong vi hadde denne stølen med, og er den kortaste stien til Liasete, og tek berre 20-30 minutt ei veg. Stien går i lett terreng gjennom bjørkeskog og granskog. For dei som likar å gå på ein turr sti er denne å anbefale.

Turtips: Rundtur: Høgde - Steinsetehorge - Steinsete - Liasete - Høgde
Eller omvendt.

Turtips: Eller gå frå Ystås den eine vegen og/ eller frå Skålsete den andre vegen.

GOD TUR!